



På veggjen i kontoret heng også eit foto-minne frå den nye forretninga. Frå venstre ser vi Hjørdis Nilsen, Anne Beitt Eidsvik, Berit Myklebust og Guri Eide.

I denne månaden passerer Uskedalen-butikken to historiske milepeler: Måndag 15. er det 45 år sidan den flytta frå det gamle huset på kaien til nybygget og onsdag 24. er det fem år sidan siste byggjesteget vart opna .

- På den sistnemnde dagen vil vi spandera blautkake, fortel Gunn Mari Moberg til uskedalen.no

Her om dagen kom det under rydding på butikk-kontoret fram eit gulna papir der M. Myklebust og Hjørdis Nilsen kunngjer flyttinga. Dei gjer kundane kjende med at vareutvalget vert utvida "soleis at De no kan få kjøpt alle dei varane De treng i det daglege hushald". Dei kunngjer at dei fører eit godt utval i kolonial, kjøttvarer, fiskemat, brødvarar, kjøkenutstyr, glass og stentøy, korteverar, blader og presangartikler .

Det blir også kunngjort at dei på opningsdagen skal ha demonstrasjon av Krone Kaffe og Martens Kjeoks og dei oppmodar kundane til å bli med i gratis-lotteri. Alle som kjem innom vil få ein setel og bli med i trekninga.